

## Referat frå møte 2 i SU/SMU

<b>Stad:</b>	Ågotnes sk.	<b>Dato:</b>	22.11.2023	<b>Møtenr.:</b>	2/2023-2024
<b>Referent:</b>	Magne Abelsen				
<b>Tilstades:</b>	Oddvar Jacobsen (leiar FAU), Ane Rong (nestleiar FAU), Thea Bringedal (nestleiar elevråd), Emma Celin Knarvik (vara elevråd), Aina Cecilie Kolstad og Laila Nordvik (rep. for lærarane), Mette Bongom (rep. andre tilsette), Stian Telle (politisk rep.), Tore Foldnes (rektor) og Magne Abelsen (referent)				
<b>Ikkje møtt:</b>	Haben Angesom (leiar elevråd)				

<b>Tema:</b>	<b>Kva:</b>	<b>Oppfølging:</b>
<b>Saker frå skulen:</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>Elevundersøkinga - rektor orienterte om gjennomføringa. 5 av 6 klassar har gjennomført. Gjennomføringsperioden er 6.11-8.12.23.</li><li>Foreldreundersøkinga - rektor orienterte om prosessen. Skulen har sendt ut e-post i dag med lenke til undersøkinga. Vi har berre sendt ut ein e-post til kvar føresett, sjølv om dei har elevar ved fleire trinn. Gjennomføringsperioden er 06.11-20.12.23. Resultata kjem eit stykke ut på nyåret.</li><li>Miljøretta helseverngodkjenning - skulen har avslag på søknad om miljøretta helseverngodkjenning. Rektor har undersøkt med eigedom og fått svar om at det ikkje er grunn til å uroa seg over radon. Det vil gjerast nye målingar (nivå 1), men målingar nivå 2-målingane som allereie er gjennomført, viser at radonnivået ligg under grensene i undervisningsromma. Det skal gjerast ei vurdering om det er naudsynt med ei risikokartlegging av vassforsyningsannlegget til dusjane. Det er utarbeidd velfungerande rutiner som hindrar smittefare for legionella og desse rutinane vert praktisert ved Ågotnes skule.</li><li>Uteområdet – arbeidet skal ut på anbod. Det er eigedom som har ansvar for framdrifta i saka. Vi har fått signal om at det er ei kapasitetsutfordring som gjer at det ikkje har skjedd allereie, og vi har forstått det slik at midlane følger med til neste kalenderår.</li></ul>	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skyss – rektor orienterer om at strekninga sør for Rekkjavegen blir definert som farleg skuleveg. Alle elevar sør for Rekkjavegen vil få dekkja skuleskyss heile året.</li> <li>• Mellombels endring i leiinga ved Ågotnes skule – rektor Tore Foldens skal inn i eit prosjekt knytt til barnehage- og skulebruksplan frå januar til juni, og avdelingsleiar Magne Abelsen blir konstituert rektor medan Tore er i prosjektet.</li> <li>• Juleavslutningar – 1.trinn skal ha avslutning i gymsalen 7.desember. 2.-4.trinn skal ha avslutning i Ågotneshallen 12.desember og 5.-7.trinn i Ågotneshallen 14.desember.</li> <li>• Leirskule – 6.trinn reiser til Hallingdal leirskule i Ål i veke 4, januar 2024. Vi kan lage avtalar med leirskulen om å få leige utstyr via tredjepart (leirskulen lagar avtalar). Skulen lurar på om FAU kan hjelpe til med å dekke leigekostnadane?</li> <li>• Skidag – skulen pleier å sende 5.trinn (i fjor sendte vi både 5. og 6.trinn, då vi hadde eit opphald grunna pandemien). Vi reknar med å få invitasjon frå Voss Resort i år og. Innspel frå FAU om at føresette kan få tilbod om å vere med i bakken, men presisere at elevane reiser på skuletur og er med på fellesreise og –opplegg.</li> </ul>	
<b>Saker frå SFO:</b>		
<b>Saker frå elevrådet:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skape godstemning - elevrådet har tenkt litt på om det er noko dei kan gjere for å skape godstemning før jul. Fleire forslag blei lufta i møtet; oppmode til ein dag med juleklede, julemusikk i eit friminutt, ... Elevrådet følgjer opp innspela i møte 30.november.</li> </ul>	
<b>Saker frå FAU:</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bytedag – Ane orienterte om bytedagen. Dei hadde to dagar med innlevering og ein dag til byting. Det var ikkje så mange som kom, men dei som kom var veldig fornøgd. Dei fekk byta til seg dresser og ski. Ane har ønskje om å få til to dagar med bytedag; ein om hausten og ein i januar.</li> <li>• Halloweendiskotek – mange elevar som var med og god stemning. Innspel frå elevrådsrepresentantane om at dei kunne ønskt seg å danse limbo eller nokre leikar.</li> <li>• Nissedisko – fredag 1.des er det nissedisko i gymsalen.</li> <li>• Dansebase på SFO – nokre foreldre har meldt om upassande songval. SFO-leiar vil følgje opp saka.</li> <li>• Elevar med særlege behov - spørsmål om ressursar knytt til elevar med særlege behov. Rektor svarar at utgangspunktet er bemanningsnorma i kommunen, men vi</li> </ul>	

	<p>har ekstra ressursar knytt til einskildelevar. Samstundes er det tider på dagen eller dagar med fråvære der det kan vere utfordringar. Rektor oppmodar foreldre som har spørsmål om å ta direkte kontakt med han eller SFO-leiar, så dei kan svare meir konkret på spørsmål.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Transponder – kven kan lese meldingar i Transponder? Føresette kan sjå kven som har lesetilgang i Transponder: vel “menyprikkar” oppe til høgre og “innsyn”. Lærarar som har fag i klassen/trinnet har lesetilgang og det har og skuleleiing/administrasjon.</li></ul>	
--	--	--